

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 19/1124-3

## **Skriv og meldingar 22. mai 2019 - hovudsamarbeidsutvalet**

### **Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

#### **Meldesak 1) Status regionreforma**

Som kjent er [Portalen](#) staden for løypande oppdateringar av nyhende frå arbeidet med regionreforma. Sjå også felles nettsida for [nye Vestland fylkeskommune](#). Viser også til direkttesendt (e-post) nyheitsbrev frå prosjektleiar Rune Haugsdal til alle tilsette i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.

#### **Meldesak 2) Frå PORTALEN - nyhende frå Personal**

- ✓ [Psykisk helse - gode råd](#)
  - Psykiske helseproblem er ein ofte førekommande årsak til sjukefråvær. Så kva kan du gjere for å forebygge fråvær? Her kjem IA med nokre nyttige råd.
- ✓ [Arbeidstilsynet tilbyr chattetenester](#)
  - Frå og med 4. februar vart Arbeidstilsynet si chatteteneste opna. Den skal vere tilgjengeleg alle kvardagar mellom kl. 09.00 og 14.30. På chat vil du få svar på spørsmål om arbeidsmiljø, rettigheter og plikter. Tilsynet kan ikkje gi informasjon om saker som er under handsaming eller ta imot tips via chat.
- ✓ [Jobb betre med å førebygge vald og truslar](#)
  - Mange skular og kommunar må arbeide betre med å førebyggje vald og truslar, og dei har behov for meir kunnskap om korleis dette skal gjerast. Dette er konklusjonen Arbeidstilsynets har etter tilsyn med 93 skular i 2018. Undersøkinga er frå grunnskular i Norge. Vi har ikkje denne oversikta for våre vidaregåande skular, men vi har sett i verk ei bestilling frå BHT (Stamina Helse AS) for å kunne bistå einingane med denne problemstillinga. Du kan lese meir på Arbeidstilsynet sine sider: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/vold-og-trusler/>
- ✓ [Varsling - nye lovendingar i arbeidsmiljølova](#)
  - Regjeringa har i dag lagt frem forslag til endringar i arbeidsmiljølova sine reglar om varsling. I proposisjonen vert gitt framlegg om:
    - at omsynet til eit godt yringsklima vert teke inn i arbeidsmiljøloven sin føremålsavgjerder (§1)
    - at varslingsavgjerdene sine virkeområder blir føreslege utvida til å omfatta visse grupper som ikkje er arbeidstakarar i loven sin forstand
    - å lovfesta innhaldet i omgrepet "kritikkverdige forhold", "forsvarlig fremgangsmåte" og "gjengjeldelse"
    - å ta inn reglar om arbeidsgjevar sine plikter etter å ha teke i mot eit varsel
    - å innføre eit objektivt erstatningsansvar for økonomisk tap etter gjengjeldingar
    - at det i lovavgjerdene om varslingsrutinar skal takast inn eit krav om at rutinane skal skildre arbeidsgjevar sin sakshandsaming av eit varsel

- ✓ [Endringar i sjukelønsordninga](#)
  - Regjeringa si ekspertgruppa har kommen med framlegg til endringar i sjukelønsordninga. Endringane i sjukelønsordninga må ha ei ordning der det vert sterkare incentiv på arbeidsgivar og arbeidstakersida. For arbeidstakar betyr dette redusert dekning slik at sjukepengar ikkje vert gjeve med 100% for heile perioden og for arbeidsgivar betyr det at arbeidsgivar må betale ein større andel for dei lengre fråværa.
- ✓ [Eitt varsel om varslings!](#)
  - «*Subjektive opplevelser av egen arbeidssituasjon og relasjonar til ledere og andre kollegaer egner seg dårlig for objektiv behandling gjennom varslingskanalene på arbeidsplassen*». Hans Morten Skivik er spesialist i konfliktmekling, forfattar og programdirektør ved AFF Solstrandprogrammet. Hans Morten skriv ein viktig åttvarande artikkel om manglar i den nyleg framlagde [NOU 2018:6](#) om endringar i varslingsreglementet. Kjelde Dagens/Perspektiv 23.4.2019.
- ✓ [Sykle til jobben aksjonen 2019](#)
  - Sykle til jobben-aksjonen får deg og dine kollegaer i form. Du kan loggføre aktivitetane dine og bli med i konkurransen. I 2018 vart det med over 42 tusen deltakarar. Ønskjer du å bidra i år også? Dette er Norges største aktivitetsskampanje, som i år vert gjennomført for 46. gang. Aksjonen varer frå i dag 24. april fram til og med 21. juni. Sjå meir på: [www.sykletiljobben.no](http://www.sykletiljobben.no)

### Meldesak 3) Fylkestinget sitt vedtak i forvaltingsrevisjon av HMS og IA

Deloitte AS har på oppdrag frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomført forvaltningsrevisjon av HMT og inkluderande arbeidsliv fylkeskommunen. Revisor har vurdert dei funna som er gjort i undersøkinga opp mot valde revisjonskriteria og kome med ni tiltak til forbetring.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale kome med innspel til rapporten, der han skriv at han vil arbeide med tilråding nr. 1 og 2. Fylkesrådmannen har allereie sett inn tiltak til tilråding nr. 3, 4 og 9, og at tilrådingane 5, 6, 7 og 8 er problemstillingar adressert til fellesarbeidet med å slå saman dei to fylkeskommunane.

I samsvar med vedtaket vil fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet.

Etter framlegg frå kontrollutvalet vedtok fylkestinget i møtet 24. april 2019 følgjande:

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon HMT og inkluderande arbeidsliv vert teken til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - a. Tydeleggjere fylkeshovudverneombodet si rolle ytterlegare
  - b. Sikre at det vert valt verneombod i alle verneområde
  - c. Ferdigstille følgjande påbyrja tiltak:
    - i. Sikre at det jamleg og i samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalde blir utarbeidd risikovurderingar, mål og handlingsplanar i alle einingar, inkludert risikovurderingar knytt til vald og truslar
    - ii. Sikre at risikovurderingar og handlingsplanar blir utarbeidd med tilstrekkeleg kvalitet, og i samarbeid med dette vurderer auka krav til bruk av fylkeskommunen sine malar
    - iii. Sikre at rutinar og malverk kontinuerleg vert oppdatert i høve til gjeldande regleverk og organisering
    - iv. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
    - v. Sikre at det blir gitt nødvendig opplæring
      1. I høve vald og truslar om vald

2. Kva som er å rekne som avvik og korleis dette skal meldast
3. Verneombod og leiarar

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å sikre at følgjande tiltak vert teke med og implementert i nye Vestland fylkeskommune

- a. Sikre at rutinar og malverk vert oppdaterte i høve til gjeldande regelverk og organisering
- b. Sikrar at fylkeskommunen etterlev krav til registrering av personskadar og at registeret er kjent og tilgjengeleg for verneombod og arbeidsmiljøutval
- c. Etablere skriftlege rutinar som skal sikre etterleving av regelverk i samband med planlegging og gjennomføring av organisasjonsendringar
- d. Etablere eit avvikssystem som gir oversikt over avvik i heile fylkeskommunen og som kan nyttast til utvikling og forbetring av tenestene

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift innan 31. august 2019 til kontrollutvalet

**Vedlegg:**

- ✓ Forvaltningsrevisjon av HMS og IA - sluttrapport
- ✓ Sluttrapport med høyringssvar frå fylkesrådmann
- ✓ Høyringssvar frå fylkesrådmann
- ✓ BHT sin oppfølging av bestillinga frå fylkesrådmann
- ✓ Bestillarbrev 4. januar – tilbod frå bedriftshelsetenesta til einingane